

Uskedalen får klatrevegg til våren

10.02.2009



Dette er klatreveggen på Seim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Styret i Kvinnherad turlag har no godkjend flytting av turlaget sin klatrevegg i gymnastikksalen på Seglem skule til Aktivitetshuset i Uskedalen.

Veggen og den vidare drift blir overteke av Uskedal idrettslag. No står veggen ubrukt på Seim og ingenting tyder på at dette vil endra seg dei nærmaste åra.



...som skal til Uskedalen og monterast på denne veggen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vegg skal plasserast på veggen mot garderobane, opplyser styreleiar i Aktivitetshuset Bjørn Olav Tveit til uskedalen.no.

Det heiter i avtalen mellom partane at veggen skal demonterast på dugnad i løpet av vinteren og våren og at turlaget og idrettslaget står ansvarleg for nødvendige utbetringar og reparasjonar i hallen på Seglem skule. Tveit strekar under at det bli nødvendig med ein betydeleg dugnadsinnsats i samband med dette prosjektet og han oppmodar interesserte om å meld a seg til teneste.

Korkje i turlaget si fjellsportgruppe eller i andre organisasjonar i området rundt Seim er det i dag interesse for å ta ansvar for drifta av veggen. Fjellsportgruppa har hatt forgjeves kontakt med ulike aktørar. Gymastikksalen på Seim ligg ikkje i tilknytning til ein skule og det er fem kilometer til nærmaste skule i Rosendal. Difor er det ikkje aktuelt å tenke at skulane der vil ha nytte av veggen. Fjellsportgruppa ynskjer ikkje å drive veggen vidare.

Tveit strekar i søknaden til kommunen om flytting under at ein i Uskedalen har hatt ynskje om å byggje ein klatrevegg sidan starten av prosjektet Aktivitetshuset.. Men det har så langt ikkje vorte prioritert økonomisk i planane, No har hallen vore i bruk ei tid og interessa er stor for å utvide aktivitetstilbodet med ein klatrevegg.

Tveit minner om at Aktivitetshuset ligg vegg i vegg med skulen med undt 100 elevar og et er von om at skulen vil integrera veggen i sine aktivitetar. Uskedalen ligg rundt 10 kilometer frå Seim og ved å flytte veggen vil ein kunne femne mange av dei same brukarane som tidlegare nytta han.

Det blir i søknaden til kommunen også vist til at delar av fjellsportmiljøet som i 1999 stifta Fjellsportgruppa og som deretter bygde og stod ansvarleg for drifta av veggen i dag er busett i Uskedalen. Aktiv drift av eit slikt anlegg er avhengig av eldsjelar og desse er i dag å finna i Uskedalen Til alt overmål har dei eigne ungar som klør i fingrane etter å kome seg opp i veggen, skriv Tveit.

Han strekar under at det i eit lengre perspektiv vil svara seg å flytta veggen til Uskedalen:
Bygda er godt kjend i klatremiljøet. Årelag arrangerer Fjellsportgruppa i Bergen turlag turar til dalen for å klatre i fjellmassivet Ulvanåso som ligg i bygda. Turlaget har også planar om å etablera ei hytte i dalen ved foten av Ulvanåso. Dette prosjektet vil vidareutvikle miljøet kring fjellsport generelt og klatring spesielt i Uskedalen.
Klatreveggen i Aktivitetshuset vil inngå som eit ledd i denne utviklinga, konkluderar Tveit.

Av Ola Matti Mathisen